



UNIKT PRODUKT: – Me har utvikla ei programvare som snur opp ned på etablerte planleggingsmetodar, seier Magne Myrtveit, Yngve Mellingen og Frank Kolden i Dynaplan.

Lita bedrift med stor idé

Dynaplan på Radøy er ei lita bedrift, men på kundelista står blant anna Haukeland sjukehus, BMW, Bayer og Deutsche Bank.



Av Anne-Lise Nordpoll
anne-lise@strilen.no

– Logoen vår illustrerer at «Det er betre å ha tilnærma rett, enn å ta nøyaktig feil», seier Magne Myrtveit.

I 2004 etablerte Myrtveit og Yngve Mellingen firmaet Dynaplan som aksjeselskap. Karane har ein idé som dei meiner snur opp ned på etablerte planleggingsmetodar, og dei har utvikla ei programvare som har fått innpass i store bedrifter.

– Me har brukt ti år på å utvikla programvaren. Det har vore utruleg mykje arbeid, men me meiner at me har eit produkt som har noko ingen andre har, seier Mellingen.

Stor på personalplanlegging
Produktet dei tilbyr er eit data-program som skal hjelpa store

verksemdar med strategiar og planar.

– Store bedrifter kan ha mange tusen tilsette. Då er det ikkje lett å ha oversikt over kva kompetanse ein til ei kvar tid har i verksemda, kva ein manglar og kva ein kjem til å trenga i framtida. Men me har eit verktøy som er bra på strategisk personalplanlegging, seier Myrtveit. Programmet kan også brukast til økonomisk planlegging, til å utarbeida budsjett og driva kapasitetsplanlegging.

Starta på loftet

Dynaplan starta på loftet heime hjå Myrtveit. Han bur på Hel-land på Radøy.

Ideen vart utforma påskehelga 2002 og aksjeselskapet vart stifta to år seinare. I dag er dei ni personar som jobbar for verksemda. Tre av dei heldt til på Radøy. Dei andre sit i Bergen, Lillestrøm, og i Sveits.

– Det er ikkje så mange i Noreg som har høyrte om oss. Haukeland sjukehus står på kundelista vår, men me er nok betre kjent i utlandet enn her heime. I Tyskland er me blant dei heitaste namna når det kjem til strategisk planlegging. Dynaplan sine simuleringar vert kjørt «live» i styrerommet til Bayer og både

BMW, Lufthansa, Deutsche Bank og Metro står på kundelista vår, seier Myrtveit.

Konkurrerer med Microsoft

Teknologien til Dynaplan gjer mykje av det same som det kjente reknearket til Microsoft.

– Mange har nok brukt reknearket Excel. Programvaren me har utvikla gjer mykje av det same, men når ein legg inn store mengder data i dette reknearket så vert det uoversiktleg. Med vår programvare kan ein behandla store mengder informasjon og framleis ha full oversikt. Den opnar også for at brukarane enkelt kan leggja inn forskjellige variablar og så reknar programmet seg fram til sannsynlege framtidsscenario, seier Myrtveit, som omtalar programvaren deira som ein konkurrent til Microsoft.

– Eit lita verksemd utgjer nok ikkje noko stor trugsel for ein gigant som Microsoft, men me meiner at me har utvikla eit produkt som går eitt steg lenger enn deira produkt, seier Myrtveit.

Myrtveit og Mellingen hadde mykje i mot seg då dei starta databedrift på Radøy.

– Me er ei lita bedrift, frå ein ukjent stad. Noreg er eit høgkostland. Sjansen for at ein skal luk-

kast med å utvikla ein programvare som vinn fram på den store marknaden er ikkje stor, men me har klart det. Eg trur at grunnen er at me har ein heilt unik teknologi, dyktige medarbeidarar, og ein metodikk som involverer kunden, seier Myrtveit.

Aukande omsetning

Å starta eige firma er alltid eit sjansespel, men Myrtveit og Mellingen har tenkt økonomi frå dag ein. Dei starta opp utan å ta opp lån og gjekk i pluss frå første dag.

– Me starta opp med heimekontor. På den måten unngjekk me store faste utgifter til lokale. Me har også tatt ein del konsulentoppdrag undervegs, samtidig som me utvikla vårt eige produkt. Det gjer at me heile tida har hatt inntekter på firmaet, seier Mellingen.

Det å ha heimekontor fungerer så bra at dei har halde fram med det, og alle dei ni som jobbar for verksemda jobbar heime hjå seg sjølv. Dynaplan har heile tida hatt ein jamn auke i omsetning, og då Dagens næringsliv nyleg skulle kåra årets gasselbedrift, stod dei på lista over kandidatar.

Kandidat til gasselpris

Årets gasselbedrift er ei karing

mellom norske bedrifter med ryddig økonomi og jamn omsetningsauke over fleire år. På lista over kandidatar stod også tre andre Radøybedrifter. Det var Skjærgårdsfisk AS, Stevnebø Byggevare AS og Mundal båt AS. Ingen av dei lokale bedriftene nådde heilt opp i Dagens Næringsliv sin konkurranse. Årets gassel i Hordaland vart Vestkyst Bygg i Øygarden.

– Men det er veldig kjekt å sjå at bedrifta vår er ei av gasellene, seier Myrtveit. Og Radøybedrifta ønskjer å veksa vidare. Dei har langt fleire idear enn dei har kapasitet til å realisera, og dei er på jakt etter ein dyktig programvareutviklar.

– Me føretrekkjer lokale talent, om dei let seg finna, men me jaktar og på dataekspertar andre stader i Europa, seier Myrtveit og Mellingen.